



Her er fire av eldsjelane bak Festidalen som kanskje får Eldsjelprisen for 2008: Morten Vevatne, Sveinung M. Pile, Anders Daidalos Dahle og Eilif Myklebust junior. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rockefestivalen Festidalen er nominert til Eldsjelprisen 2008 i kategorien kunst og kultur og konkurrerer med Johan Bengtson og Teater i fengselet, melder innsida.no.

Eldsjelprisen skal synleggjera eldsjelar i Hordaland og Sogn og Fjordane som kan stå som førebilete og vera til inspirasjon for andre. Den blir utdelt til einskildpersonar, lag eller organisasjonar som verkeleg brenn for noko. Prisen er ei påskjønning for uegennyttig og ålmennyttig innsats ut over det normale til beste for samfunnet og skal fortrinnsvis gå til eit bestemt prosjekt.

Prisen består at eit pengeprosjekt og eit spesielt prisbevis utført av ein kunstnar – Lotte Konow-Lund.

Utdelinga skjer 20. april og kven som skal få prisen blir avgjort blant anna gjennom ei røysting på nettet. Den startar laurdag 29. mars og held fram til 9. april.

Dei heiter i statuttane at hovudjuryen til sist avgjer kven som skal få prisen "på grunnlag av prisens intensjon og reglar, røystenee frå folkejuryen og annan relevant informasjon".

Det er nominert tre i kvar av fem kategoriar og dei andre fire heiter framsyn, humanitært arbeid, lokalmiljøet og sport og idrett. Det blir også kåra ein Årets eldsjel. Eldsjelprisen er finansiert av Kavlifondet, Sparebanken Vest og G.C. Rieber Fondene, i samarbeid med Bergens Tidende.

Av Ola Matti Mathisen



Med på laget i 2008? spør denne logoen som vart sendt ut i fjor. Men i 2008 har styret bestemt seg for å ta ei pause.